

Gammalt og sikkert vertein.

25.05.2016



Ringen rundt Nåsatoppen er eit gammalt og godt vermerke.

No har vi fått så gode vermeldingar at dersom vi lurer på kva ver som er i vente, så klikkar vi oss berre inn på yr.no eller storm.no. Der kan vi både finna detaljerte meldingar for Uskedalen dei nærmeste timane eller langtidsvarsel, alt etter kva ein har behov for. Slik har det ikkje alltid vore. Minuset er at vi gløymer dei gamle, gode vermerka.

Då eg vokste opp på 50- og 60-talet, hadde vi riktig nok vermeldingar på radio for 'Vestlandet sør for Stadt' for neste dag frå Meterologisk institutt. Likevel nyttet dei eldre seg av vertein i naturen som dei hadde med seg frå eldre tider.

Eitt av det som eg hugsar far min brukte, var at når det var ring rundt toppen av Ulvanåso så vart det godver. Ja, eg hugsar at han ofte brukte dette om somrane for å bestemme når det var tid for å satsa på turrhøy.

Biletet over er teke 22.mai av Ståle Eik. På det er skodderingen rundt toppen større enn han ofte var på det gamle gode vermerket, skriv Ståle, men legg til at dette vermerket brukar å stemma. Slik hugsar også eg det! Det slo til denne gongen og!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ståle Eik